

# Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

## 12. juni 2017 kl.10.15 – ca 14.00

Stad: Voss gymnas

*Til stades: Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen (arkitekt), Tone Stedal Haugland (HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim (HFK Eigedomsseksjonen), Merete Hauge (HFK Eigedomsseksjonen), Unn Fauskanger (observatør). Sara Rykke Mandelid (elevrepr.) melde forfall. Hilde Hauan Johnsen var med på første del av møtet.*

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader
2. **Kunstprosjekt Gymsalveggen ute** - *Oppstartmøte og befaring med Hilde Hauan Johnsen.*

Komiteen har tidlegare bestemt at det skal gis tilbod om direkteoppdrag til ein kunstnar, og gjennom fleire møte vurdert ulike potensielle kunstnarar for denne veggen. Komiteen sitt førsteval – Hilde Hauan Johnsen har takka ja til oppdraget. Oppdraget vert honorert med 850 000 kroner.

Gjennomgang av kunstplan og kontraktutkast:

Prosjektet delast opp i to; fram til - og etter skissegodkjenning. Begge partar kan trekke seg ut av prosjektet etter fase 1.

Levering av skisse før jul (7. desember). Innlevering av gjennomføringsplan 5. januar. Montering av kunsten etter påske 2018 (mai/juni). Det bør sjåast på om det er mogleg å koordinere med entrepenøren for renoveringa av bygget når det gjeld stillas, montering av festeanordningar for kunsten.

Både kunstnar og lærar er interessert i å presentere prosjekt i prosess og kunstnarskap for elevar – spesielt dei som går på studieretning for kunst, design og arkitektur / design og handverk. Dette er svært positivt, og komiteen vil setje av midlar frå formidlingsposten til dette og til presentasjonar frå dei andre kunstnarane som har laga verk til skulen.

Synfaring på staden og elles i bygget der det er kunstprosjekt.

3. **Overtakelsesforretning kunstverk av Marius Martinussen i «Gladiatorgangen»**  
Komiteen var særst fornøyd med resultatet og verket vart godkjend og overdratt Hordaland fylkeskommune. Det ligg føre eigen, underskrive protokoll for dette).

Ein ser at det ville vere bra med litt meir lys i «Gladiatorgangen», og Gunnar tingar nokre fleire av dei lampane som allereie er i taket i gangen.

#### 4. **Samlinga**

Rakel og Petra har vore rundt på skulane for å sjå på kunsten som er der frå tidlegare. Det trengst ein del ny innramming, og dette er no hos rammemakar og skal vere ferdig i løpet av juni. Den kunsten som no er komen fram og som ikkje tidlegare har vore registrert skal registrerast av Lyder på Eigedomsavdelinga.

Rakel og Petra lager utkast til stader for oppheng av «gammel» kunst og legg dette fram for arkitektane og rektor.

Det er sett av midlar i budsjettet til å supplere den gamle samlinga. Komiteen vil at noko av dette skal veljast ut av elevar ved avstemming.

## **5. Ang. Britt Smelvær sitt kunstprosjekt**

Smelvær vil montere dei siste panelene og gjere dei siste justeringane(i henhold til merknader v overtakingsforretning) i begynnelsen av august.

Contracta har sendt rekning til HFK der arbeidet dei hadde direkte for B. Smelvær er lagt inn i totalrekninga. Dette skal etter avtale betalast av Smelvær, og HFK sender då faktura på det aktuelle beløpet til henne.

Belysninga av kunstverket bør koplust om. Per har tidlegare lagd og sendt inn forslag for belysninga. Gunnar tek dette vidare.

Komiteen var overraska over møbleringa i kantina. Dette var ikkje slik det vart presentert i tidlegare framlagte teikningar og planar. Komiteen vil sende ei eiga henvending til Eigedomsseksjonen om dette.

## **6. Eventuelt**

### a) Markering av kunsten/offisiell opning

Dette vart diskutert, og saka vert teke vidare og avgjort av skulen og Eigedomsavdelinga. Det bør også lagast ein enkel trykksak om kunstprosjekta til utdeling på den offisielle opninga av skulen.

### b) Det må ordnast med skilting og registrering av kunsten

c) Mykje av den gamle kunsten står no ope rundt om i skulen. Dette bør låsast inn. Merete tek dette vidare.

### d) Gjennomgang av budsjett